

Programmet Ung i Møre og Romsdal

Hovudmål for program

Ved å samordne innsatsen for unge i eitt program, vil vi styrke, tydeleggjare og synleggjere innsatsen i høve til unge i Møre og Romsdal. Programmet omfattar tiltak og prosjekt i arbeidslivet, utdanning, kultur og fritid i partnerskap med kommunar, statlege etatar, høgskolar og organisasjonar. Fokus på unge som ressurs og styrking av deira medverknad i desse satsingane og generelt i kommunane er viktig i programmet. Eit nytt delprosjekt under Ung i Møre og Romsdal, Ung medverknad, er starta for å fokusere på ungdom som ressurs i ein tverrfagleg perspektiv. Temaet er ein viktig føresetnad for å lukkast i dei andre delprosjekta. (sjå illustrasjon) Utfordringa i dette vil vere å finne metodar og samarbeidsformer som stimulerer til medverknad og mobilisering av unge i kommunane, fylket og skolane.

Målgruppe

Unge i alderen 15-25 år.

Mål:

Målet for UNG programmet på lang sikt er å bidra til at fleire unge velgjer å busette seg i Møre og Romsdal i framtida, og at flyttestrømmen snus.

Både som ledd i dette, og som et sjølvstendig mål, er å bidra til at ungdom trives i fylket, og at unge opplever reell medverknad i lokalsamfunna i Møre og Romsdal.

UNG programmet skal bidra til at ungdom 15-25 år, samt kommunar og næringsliv i Møre og Romsdal har fått høgare kunnskap om Møre og Romsdal fylke sine prosjekt og tiltak retta mot ungdom.

kva skal programmet medverke til å løyse/synleggjere?

Det er et mål i fylkesplanen å bidra til trivsel for ungdom i Møre og Romsdal. I fylkesplanens utfordringsdokument frå 2005 blir det pekt på at "Utviklinga i folketalet og behova innanfor arbeidsmarknaden gjer det til ei overordna oppgåve å sette fokus på og legge forholda til rette for at ungdom/unge vaksne ønskjer å busette seg i Møre og Romsdal".

Gode oppvekstvilkår, trivsel i ungdomsåra, et godt utdanningstilbod på ulike nivå, gode kultur- og fritidstilbod, gode kommunikasjonar, gode forhold for friluftsliv, jobbmoglegheiter osv, er viktige faktorar for å få ungdom til å bli værande, eller komme flyttende til fylket. For at ungdom skal velje Møre og Romsdal, må de kjenne til de moglegheitene som finnes for dei i fylket. Dette har det ikkje vært informert godt nok om fram til nå.

Samtidig er det ei utfordring å skape tilknytning/identitet til heimlassen. Det inntrykket ungdom har av heimstaden sitt, er ein viktig faktor for val av etableringsstad i vaksen alder. Oppleving av reell medverknad er avgjerande for å gi ungdom tilhøve til heimstaden. Møre og Romsdal fylke ønskjer derfor å bidra til å gi ungdom meir reel medverknad.

Det inntrykket ungdommen har av heimstaden sin er langt på veg avgjerande for val av etableringsstad i vaksen alder. Oppleving av reell medverknad er avgjerande.

WEB:

web-portalen sitt hovudformål er å vere ein informasjons-, kommunikasjons- og medverknadsarena for ungdom. Målsettinga er at vi på den eine sida vil kunne få synleggjort attraktive sider ved Møre og Romsdal, samtidig som vi vil få dei unge med i tale og handling for å

betre tenestetilbodet, styrke forankringa til heimplassen og auke fylket som attraktiv etableringsstad.

Nettstaden vil vere ein arena for dei ulike prosjekta til å synleggjere tiltak og nyhendingar. Tanken bak synleggjeringsbiten er å gi ungdom god oversikt og kunnskap om kva som finnes på heimplassen av kultur, fritidsmoglegheiter, utdanningstilbod – kort sagt å bli godt kjent med lokalmiljøet. God kunnskap og oversikt over heimplassen saman med ein reel kjensle av medverknad på dei aktivitetane den enkelte er med på, gir ein sterk identitet til heimplassen. Dette er ein viktig ingrediens for å halde på ungdommen! Alle prosjekta som er knytt til UNG dekkjer til saman eit breitt spekter av innhaldet i ungdommens kvardag. Frå Ungt Entreprenørskap, som er inne på skolane og gir ungdom god kunnskap på å utvikle kreative evner, og til å skape sin eigen arbeidsplass, og ikkje minst å bli kjent med det lokale arbeidslivet, til frivilligsatsingsprosjektet, som dreier seg om alt i fritida for mange tettstader, til "trygt heim for en 50-lapp". Alle desse prosjekta som er knytt til UNG er regionale utviklingsprosjekt, og som gjennom nettstaden får ein unik muligheit til å kommunisere med målgruppa, og til å informere og synleggjere sine prosjekt.

Medverknad på ungdommens premissar ved utvikling av nettbasert medverknadsarena

Oppleving av reell medverknad avgjerande for å lukkast med å skape identitet og tilhøre til heimplassen. Dei fora kor medverknad er mulig, som ungdomsråd, elevråd, deltaking i frivillige organisasjonar osv, er organisert på vaksnes vis. Vi ønskjer å bruke dagens teknologi til å lage ein møteplass kor ungdom sjølv utviklar ein medverknadsarena.

Målsetting og målgruppe

Møre og Romsdal har som mål at alle skal ha egen PC på vidaregåande skole, jf økonomiplan 2006-2009. Om nokre år vil om lag 10.000 vidaregåande skoleelevar logge seg inn på ein "elevportal", som er ei internettstad, dagleg. Den nettstaden skal vi mellom anna utvikle til å synleggjere innsatsen i høve til unge mellom 15-25 år i Møre og Romsdal, altså ikkje berre skoleelevar. Men viktigast blir innsatsen for å legge til rette for medverknad på ungdommens premissar. *Målet er at den blir så bra at all ungdom i fylket vel å ha den som si opningside når dei logger seg på Internett.*

Strategi for å nå målet – nytenking og aktiv involvering av ungdom!

Alle medverknadskanalar ungdom er inkludert i no er strukturar som vaksne har tilrettelagt. Det vil seie at ungdom sjølv ikkje har vore med å utforma eller påverka desse strukturane. Web og digitale media meistrar ungdom mykje betre enn foreldregenerasjonen, har meir kontroll, er oftast i førekant, og kan utvikle ein medverknadsarena på ungdomens premissar. Ved å bruke ungdomen i utvikling og drifting av denne arenaen, har vi tru på at det blir eit viktig virkemiddel i å auke den reelle medverknaden til ungdom.

For å få til ein nettstad som er i førekant, og kan konkurrere med alle andre nettstadar, treng vi å tenkje nytt og kreativt. No har vi allereie den unike situasjonen at så mange elevar loggar seg på dagleg, men det er ikkje nok til å halde dei der, og til å bruke sida aktivt.

Ungdom har vore med i planleggingsfasen alt frå starten av. Vi har ungdom frå elevorganisasjonen, frå ungdomspanelet i fylket og frå ungdom som ikkje er skoleelevar, med i arbeidsgruppa. For å sikre at medverknadsbiten på nettstaden blir teke hand om, så er alle ungdomsråda i kommunane, elevorganisasjonane og ungdomspanelet ansvarlege og tilgjengelege for å ta med seg saker/tema som diskutert på nettet, inn i sine råd og organisasjonar. Her får vi og sikra den lokale forankringa fordi lokale tema bringas vidare av lokale ungdomsråd eller elevråd. Samstundes får

t.d. ungdomsråda innspel direkte frå ungdom og ikkje berre frå politikarar som vil ha ei meining om kommunalpolitiske saker.